



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 45

(1999-2000)

Eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i 1999

Tilråding frå Utenriksdepartementet av 16. juni 2000, godkjend i statsråd same dagen.

Forklaringar og forkortingar

AG	Australia Group. Australia-gruppa: eksportkontrollregime for utgangsstoff, agens og utstyr for framstilling av kjemiske og biologiske våpen.
BWC	Biological Weapons Convention. Konvensjonen mot biologiske våpen.
COCOM	Coordinating Committee. Samordning av eksportkontroll til kommunistlanda.
CWC	Chemical Weapons Convention. Kjemivåpenkonvensjonen.
EAPC	Euro-Atlantic Partnership Council. Det euro-atlantiske partnerskapsråd.
ECOWAS	Economic Community of West African States. Det økonomiske fellesskapet av vest-afrikanske statar.
FFI	Forsvarets forskningsinstitutt.
IAEA	International Atomic Energy Agency. Det internasjonale atomenergibyrådet.
MTCR	Missile Technology Control Regime. Regimet for eksportkontroll av missilteknologi.
NSG	Nuclear Suppliers Group. Eksportkontrollregime for kjernefysisk materiale og relevante fleirbruksvarer.
NPT	Non Proliferation Treaty. Ikkje-spreiingsavtalen for kjernefysiske våpen.
OAS	Organization of American States. Organisasjonen av amerikanske land.
OAU	Organization for African Union. Organisasjonen for afrikansk einskap.
OPCW	Organization for the Prohibition of Chemical Weapons. Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen.
OSSE	Organization for Security and Co-operation in Europe. Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa.
TVINN	Tollvesenets informasjonssystem for næringslivet.
SIPRI	Stockholm International Peace Research Institute. Det internasjonale institutt for fredsforskning i Stockholm.

WA **The Wassenaar Arrangement. Multilateralt eksportkontrollforum for konvensjonelle våpen og fleirbruksvarer.**

ZA **The Zangger Committee. Zangger-komiteen for kjernefysisk eksportkontroll.**

1 Samandrag

Regjeringa legg med denne stortingsmeldinga fram ei oversikt over eksporten av forsvarsmateriell i 1999. Sidan 1996 har det vore lagt fram årlege stortingsmeldingar om slik eksport. Oversikta gjeld utførsle i 1999 på forsvarsmaterielområdet av varer, tenester og reparasjonar for utanlandske oppdragsgjevarar, basert på oppgåver frå bedriftene om fakturerte sal.

Opplysningane om eksporten kjem fram i sju tabellar som omfattar oversyn over mottakarland, eksporten fordelt på varegruppene, på land og på regionar, tenesteytingar for utanlandske oppdragsgjevarar, reparasjonar av forsvarsmateriell utførte i Noreg for utanlandske oppdragsgjevarar, forutan ei samanlikning mellom eksporttala for dei seinaste åra. I alt 32 bedrifter har rapportert om utførsle.

Den samla eksporten av forsvarsmateriell i 1999 var om lag 1,3 milliardar kroner. Dei seinaste åra har verdien vore vel 1,1 milliardar. Ein auke på om lag 165 millionar i høve til tala for 1998 kan forklarast med auka eksport til Sverige og med nokre større einskild-leveransar. Delar og komponentar representerer største delen av eksporten.

NATO-landa og dei nordiske landa er dei største mottakarane av forsvarsmateriell frå Noreg, med om lag 75 prosent. Kategori A-materiell (våpen og ammunisjon) vert i hovudsak levert til NATO-allierte og nordiske land. I tillegg har Australia, Brasil, Chile, Irland, Japan, Latvia, New Zealand, Singapore, Sveits, Sør-Korea og Thailand teke imot A-materiell. NATO-landa og dei nordiske landa var også dei største mottakarane av kategori B-materiell (anna militært materiell) i 1999. I tillegg er slikt materiell levert til Argentina, Austerrike, Bulgaria, Dei sameinte arabiske emirata, Egypt, Litauen, Oman, Saudi Arabia og Taiwan. Det er òg levert noko materiell til FN-styrkar.

Stortingsmeldinga gjev vidare eit oversyn over lovgrunnlaget, varelistene og retningslinjene for korleis Utanriksdepartementet behandlar eksportsøknader for forsvarsmateriell med utgangspunkt i regjeringserklæring og stortingsvedtak av 11. mars 1959. Forskriftene om eksportkontroll-reguleringa er nyleg endra for m.a. å presisere språkbruken og tydeleggjere at lisensar kan kallast tilbake dersom grunnlaget for løyvinga vert vesentleg endra.

Forsvarsindustrien i Noreg og mange andre land er i rask omstilling. Det fører med seg eit alt nærare internasjonalt samarbeid om nyutvikling av forsvarsmateriell. Eit døme på denne utviklinga er opprettinga av ammunisjons-selskapet Nammo som har sitt hovudsete i Noreg, og har produksjonseiningar i m.a. Finland, Noreg og Sverige. Flytting av produksjon mellom dei tre landa og eit tettare produksjonssamarbeid fører med seg nær kontakt mellom eksportkontrollstyresmaktene i dei tre landa.

Meldinga gjer greie for samarbeidet mellom Utanriksdepartementet og andre nasjonale etatar. Ho gjer òg greie for det omfattande internasjonale samvirke på dette området. Noreg er aktivt med i dei fem internasjonale samarbeidsfora om ikkje-spreiing og eksportkontroll som er viktige instrument i arbeidet for å hindre ukontrollert spreining av konvensjonelle våpen og masse-

øydeleggingsvåpen. I tillegg til verksemda i eksportkontrollregima har Noreg nære kontaktar med dei nordiske landa og med andre nærstående land.

Meldinga omtalar relevante FN-vedtak og EU-vedtak Noreg har slutta seg til. Det vert opplyst om dei våpenembargoane Noreg følgjer i dag.

Noreg har stått sentralt i å fremje internasjonale tiltak for å hindre spreiding og ulovleg omsetnad av handvåpen. Saka sto på dagsorden for ein konferanse i Oslo i desember 1999 (Oslo II-møtet).

Ei forkorta utgåve av denne Stortingsmeldinga vil verta omsett til engelsk og omdelt i FN og andre relevante internasjonale fora som eit norsk bidrag til større innsyn i våpenhandelen.

2 Regelverket for eksportkontrollen

Utanriksdepartementet har ansvaret for kontrollen med eksport av forsvarsmateriell, fleirbruksvarer, ¹⁾

teknologi og tenester. Kontrollen vert utøvd på grunnlag av eksportkontroll-lova, forskrifter, retningsliner og kontroll-lister.

Lovgrunnlaget

Kontrollen med eksporten av forsvarsmateriell og fleirbruksvarer vert utøvd med heimel i eksportkontroll-lova (Lov av 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v.). Denne lova omfattar all eksportregulering for strategiske varer og teknologi som kan vere viktige for andre lands utvikling, produksjon eller bruk av produkt til militære føremål, eller som direkte kan tene til å utvikle eit lands militære evne. Slike varer, tenester eller teknologi må ikkje utførast frå norsk tollområde utan særskilt løyve frå Utanriksdepartementet. Dei aktuelle varene og teknologislaga er omtala i kontroll-listene (liste I for forsvarsmateriell og liste II for fleirbruksvarer).

Lova set òg forbod mot at personar som bur eller har opphald i Noreg og norske verksemder, stiftingar og samanslutningar utan særskilt løyve driv handel med, formidlar eller på annan måte bistår ved sal av forsvarsmateriell frå eit framandt land til eit anna.

Departementet har eit lovheimla krav på å få framlagt alle opplysningar som vert rekna som nødvendige for å kunne behandle ein søknad om eksportlisens. Ein slik rett til innhenting av informasjon har sitt motstykke i føresegner i lova om teieplikt.

Dersom forholdet ikkje vert ramma av strengare straffebod, vert brot på eksportkontroll-lova straffa med bøter eller fengsel inntil fem år eller begge delar. Dersom lova er broten av ein som handla på vegner av eit selskap med avgrensa ansvar, eit kommandittselskap eller anna samanslutning eller ei stifting, kan føretaket bøteleggjast.

Det er utferda to forskrifter i medhald av denne lova: Forskrift av 10. januar 1989 som gjev nærare reglar om gjennomføringa av eksportreguleringa, og Forskrift av 10. mars 1989 med tillegg av 28. februar 1992 som set forbod mot eksport av tungtvatn, med visse atterhald. Forskrifta om eksportreguleringa vart endra i 1999 med tilføyning av ein ny paragraf (§ 13) om tilbakekalling av lisens dersom grunnlaget for innvillinga er vorte vesentleg endra. Det er òg gjort endringar av språkleg presiserande karakter med omsyn til kontrollen med teknologi og tenester. Forskrifta finst i vedlegg 1.

For gjennomføring av bindande vedtak i Tryggingsrådet i FN om fullstendig eller delvis handelsembargo mot visse land vert det utferda forskrifter med heimel i Lov av 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd. På denne måten vert vedtak i Tryggingsrådet gjorde til norsk rett.

¹⁾ Sivile produkt som kan brukast militært.

Kontroll-listene

Forsvarsprodukta i denne meldinga er spesifiserte på kontroll-liste I. Fleirbruksvarer er spesifiserte på kontroll-liste II. For utførsel av varer på desse kontroll-listene vert det krevd utførslelisens frå Utanriksdepartementet. Det er krav om skriftleg løyve for overføring av teknologi eller tenester til utanlandsk kunde i tilknytning til produkt på varelistene. Dette kravet gjeld enten tenesta skjer i Noreg eller i utlandet.

Anna lisensplikt. Særlege unntak

I tillegg til lisensplikta for varer, teknologi og tenester spesifiserte i varelistene som er nemnde ovanfor, er det reglar i forskriftene som i spesielle situasjonar tek sikte på å fange opp varer som ikkje er spesifiserte i varelistene. Det finst to såkalla «altomfattande» klausular i forskriftene (sjå § 1 f. og g. i vedlegg 1):

Den eine klausulen seier at ved utførsle til militær bruk til område der det er krig eller krig trugar eller til land der det er borgarkrig, er alle varer, teknologi og tenester lisenspliktige sjølv om dei ikkje er omfatta av listene. Den andre klausulen gjev heimel for å kreve lisens for alle varer, teknologi og tenester sjølv om dei ikkje er omfatta av Utanriksdepartementet sine lister i tilfelle der eksportøren er kjend med at dette på nokon måte kan verta brukt i samband med utvikling, produksjon, vedlikehald, lagring, deteksjon, identifikasjon eller destruksjon av kjernevåpen, kjemiske eller biologiske våpen. Tilsvarende reglar gjeld i samband med utvikling, produksjon, vedlikehald eller lagring av missilar som kan levere slike våpen.

Eit særleg unntak frå den allmenne lisensplikta gjeld utførsle av forsvarsmateriell eigd av Forsvarsdepartementet. Slikt materiell kan utførast til NATO-land utan framlegging av utførslelisens. Det er likevel eit vilkår at det ved kvar sending vert lagt fram erklæring for Tollvesenet frå Forsvarsdepartementet som stadfester at sendinga går til eit land tilslutta NATO. Vidare kan eige flymateriell som Luftforsvarets Forsyningskommando sender til land tilslutta NATO for reparasjon, utførast utan lisens. Militært materiell som tilhøyrer amerikanske styresmakter, kan òg utførast utan framlegging av utførslelisens eller utførsledeklarasjon. For kvar sending skal det leggjast fram ei erklæring frå Forsvarsdepartementet om at sendinga omfattar militært materiell tilhøyrande amerikanske styresmakter.

Utanriksdepartementets retningslinjer

Utanriksdepartementets retningslinjer for behandling av søknader om eksport av våpen, militært materiell, samt teknologi og tenester for militære formål (vedlegg 2) vart offentleggjorde 28. februar 1992 for å gjere det lettare for norske eksportørar å vurdere utsiktene til å få utførsleløyve.

Utgangspunktet for eksportkontrollen er regjeringserklæringa av 11. mars 1959 som slår fast at «det skal ved avgjørelsen legges vekt på de utenriks- og innenrikspolitiske vurderinger, og hovedsynspunktet bør være at Norge ikke vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgerkrig.» I vedtak same dagen tok Stortinget «til etterretning den erklæring Statsministeren på vegne av Regjeringen har lagt frem. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammu-

nisjon fra Norge bare må skje etter en omhyggelig vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold i vedkommende område. Denne vurderingen må etter Stortingets mening være avgjørende for om eksport skal finne sted».

Retningslinene gjer greie for kva Utanriksdepartementet legg vekt på i vurderinga av mottakarar av forsvarsmateriell frå Noreg. I det norske regelverket er det ikkje lister over mottakarland. I staden vert det brukt tre landgrupper. Landgruppe 1 er dei nordiske landa og NATO-medlemslanda, og nokre andre land som etter ei grundig vurdering kan godkjennast som mottakarar av våpen og ammunisjon. Landgruppe 2 er land som Noreg på grunn av regelverket ikkje kan eksportere forsvarsmateriell til. Dette er land Tryggingrådet i FN etter vedtak har innført sanksjonar mot eller land som ligg i eit område der det er krig eller krig trugar, land der det er borgarkrig eller land kor ein etter ei noggrann vurdering av dei utan- og innanrikspolitiske tilhøva i vedkomande område kjem til at eksport av forsvarsmateriell ikkje bør finne stad. Landgruppe 3 består av land som Noreg ikkje sel våpen eller ammunisjon til, men som etter særskild vurdering kan motta anna militært materiell.

Kategori A-materiell er våpen og ammunisjon, forutan anna materiell som vesentleg vil kunne påvirke dei militære styrketilhøva ut over nærområda; kategori B er anna militært materiell. Landgruppe 1 kan få både A og B-materiell, medan landgruppe 3 er dei landa som berre får B-materiell. Retningslinene krev at eksportlisens berre kan gjevast for kategori A-materiell (våpen og ammunisjon) dersom kunden er eller opptre på vegner av forsvarsmakta i mottakarlandet. Dokumentasjon må godtgjere dette.

Del-leveransar og fleirnasjonale produkt

Retningslinene tek omsyn til at eksporten kan gjelde ulike føremål, til dømes samarbeids- og utviklingsprosjekt, tenester eller teknologioverføringar. Produkta kan ha sjølvstendig funksjon eller vere del-leveransar. Med deler meiner ein varer som ikkje har nokon sjølvstendig funksjon. Slike varer kan vere til dømes elektronikk-komponentar, metallhylser, eller programvare. For del-leveransar skal søknaden i utgangspunktet behandlast på same måte som ved eksport av sluttproduktet. Men retningslinene opnar for at krav om norsk kontroll med sluttbrukar kan fråvikast i unntakstilfelle. Det gjeld m.a. ved samarbeidsavtalar som er godkjende av norske styresmakter, jf. retningslinene, kap. VII, 2. I så fall må det ferdige produktet ikkje framstå som norsk.

Unntak frå hovedregelen om norsk kontroll med sluttbrukaren kan òg gjerast på visse vilkår dersom produktet er resultat av eit fleirnasjonalt samarbeid. Retningslinene gjev i Kap. III om samarbeids- og utviklingsprosjekt rom for at det ferdige produktet i slikt samarbeid kan eksporterast etter samarbeidslandets reglar dersom produktet ikkje framstår som norsk. Men i retningslinene frå 1992 vart det ikkje tenkt på at produkt kan ha fleirnasjonal karakter. Auka integrasjon i forsvarsindustrien og nærare internasjonalt samarbeid om utvikling og produksjon av forsvarsmateriell skapte nye utfordringar for eksportkontrollen. I 1998 vart det difor teke inn eit nytt kapittel IV som gjev reglar for handsaminga av fleirnasjonale produkt:

«Ved samarbeidsprosjekter som er av en slik art at det ferdige produkt fremstår med flernasjonal identitet kan produksjonslandets eksportkontroll-regler legges til grunn ved eksport til tredjeland. I forbindelse

med godkjenningen av samarbeidsprosjektet skal eksportvilkårene for det ferdige produkt til tredjeland avtales mellom de berørte lands myndigheter.»

3 Utanriksdepartementets saksbehandling

Noreg har eit strengt regelverk for eksport av forsvarsmateriell. I samsvar med regjeringserklæring og stortingsvedtak av 11. mars 1959 og retningslinene av 28. februar 1992 gjennomfører Utanriksdepartementet ei grundig behandling av kvar einskild søknad om utførsleløyve. Ei avgjerd om å utferda eksportløyve for våpen og ammunisjon skal mellom anna baserast på ei noggrann vurdering av dei utan- og innanrikspolitikke tilhøva i vedkommande område. Utanriksdepartementets vurdering av tilhøva omfattar ei vurdering av ei rekkje politiske spørsmål, mellom desse spørsmål knytta til demokratiske rettar og respekt for grunnleggjande menneskerettar. Noreg har slutta seg til EU sin atferdskodeks for våpeneksport. Prinsippa i EU-kodeksen vert handheva innanfor det norske regelverket, som på nokre punkt er strengare enn EU-kodeksen. Ved vurderinga av den einskilde søknad vert det lagt vekt på kva slag materiell det er tale om og korleis det kan brukast i mottakarlandet.

I 1999 vart det innvilga omlag 800 lisensar for utførsle av forsvarsmateriell. Dette talet har vore stabilt i fleire år.

Mottakarar av forsvarsmateriell

I dei årlege stortingsmeldingane vert det gjeve fullstendige opplysningar over dei landa Noreg har eksportert forsvarsmateriell til. Oversyna i stortingsmeldingane inneber inga plikt til i framtida å innvilge nye utførsleløyve til dei same landa. Det er den politiske vurderinga i det einskilde tilfellet på det aktuelle tidspunktet som er avgjerande for om utførsleløyve skal gjevast.

Dei største mottakarane av norsk forsvarsmateriell er NATO-land og dei nordiske landa. Utførsleløyve til desse landa krev normalt ikkje vurderingar av den politiske situasjonen i landet. Eit unntak har vore Tyrkia. Som fylgje av invasjonen i Nord-Irak våren 1995 og på grunn av den politiske situasjon i landet, vart det ikkje innvilga lisensar for nytt militært materiell. Etter ny vurdering og klare forpliktingar frå den tyrkiske regjeringa si side om vidare tiltak for å betre tilhøva for menneskerettane i landet, vart det i desember 1999 vedteke å gje løyve til utførsle av nye Penguin sjømålsmissilar til det tyrkiske sjøforsvaret. Leveransane vil finne stad i dei næraste åra.

I samsvar med retningslinene skal våpen og ammunisjon berre leverast til statlege styresmakter. Det vert gjort unntak frå denne regelen dersom utstyret skal brukast av FN-styrkar, til dømes ved minerydding eller ved fredsbevarande operasjonar.

Regelverket stiller ikkje krav om innhenting av løyve frå Utanriksdepartementet for marknadsføring. Men slik verksemd er ofte så langsiktig og ressurskrevjande at bedriftene søkjer om førehandstilsegn om lisens. Utanriksdepartementet behandlar slike søknader på same måte som om det gjalt konkret lisens, i samsvar med retningslinene. Førehandstilsegner vert gjevne med ei presisering av at spørsmålet om seinare løyve til faktisk eksport til det aktuelle landet vil måtte vurderast i lys av situasjonen på det tidspunktet ein søknad ligg føre.

Dokumentasjonskrav og sluttbrukarkontroll

Det er ei viktig oppgåve for Utanriksdepartementet å vurdere om dokumentasjonen som følgjer med ein søknad om utførsleløyve er tilstrekkeleg til å godtgjere sluttbrukar. Saksbehandlninga skal sikre at det ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon før utførsleløyve vert innvilga. Kravet til dokumentasjon vil vere avhengig av mottakar og kva slag vare det gjeld.

Dokumentasjon kan vere sluttbrukarerklæring der mottakar erklærer at vedkommande er brukar/mottakar av materiellet, opplyser kvar det skal installerast/brukast, og at det ikkje skal seljast vidare utan etter samtykke frå det opprinnelege sendarlandet. I visse tilfelle kan ein krevje at sluttbrukarerklæringa skal vere stadfesta av styresmakt. I tilfelle der ein kjenner godt til kjøparen kan faktura, kjøpekontrakt, eller ordrestadfesting på produktet frå kjøpar/mottakar vere tilstrekkeleg. Når det gjeld innsatsvarer som krut og sprengstoff eller komponentar frå Noreg, trengst det kundeerklæring som stadfester at materiellet i sin heilskap skal nyttast i importøren sin eigen produksjon, at det ikkje vil verta eksportert vidare separat og at det vil inngå i eit ferdig produkt som ikkje framstår som norsk. Importsertifikat stadfesta av styresmakt skal sikre at importøren ved eventuell re-eksport handlar i samsvar med reglane i importlandet.

Det finn stad ei internasjonal utveksling av opplysningar om og synspunkt på kva dokumentasjonskrav som bør stillast. Såleis kan ein kome fram til meir einsarta standardar og prosedyrar for utveksling av dokument for mellom anna å avverge ulovleg våpenhandel. Betre internasjonal samordning kan òg sikre mest mogeleg like rammevilkår. Frå norsk side støttar ein dette arbeidet.

Oppfølgingsleveransar

Forsvarsmateriell har ofte ei levetid på fleire tiår. Det vil gjennom ein nokså lang periode vere nødvendig å vedlikehalde, reparere og skifte ut komponentar ved slitasje av materiellet. I visse tilfelle er framtidig vedlikehald og levering av reservedelar til det leverte materiellet ein del av kontraktssomfanget. Oppfølgingsleveransar er normalt ikkje noko problem for praktiseringa av retningslinene. Av omsyn til truverdet til norske leverandørar har norske styresmakter i visse tilfelle sett det som rett å gje løyve til oppfølgingsleveransar, sjølv om det ikkje har vore aktuelt å levere nytt forsvarsmateriell til vedkommande land. Denne problemstillinga har i dei seinare åra vore aktuell i samband med reservedelar til sjømålsmissilar til Tyrkia då det i ein periode berre vart levert reservedelar og gjort nødvendig vedlikehald av eldre utstyr, men ikkje innvilga løyve for utførsle av nytt materiell.

Samarbeid med andre styresmakter

Ved vurdering av tekniske spørsmål knytte til produkt eller teknologi kan Forsvarets forskingsinstitutt verte rådspurt. Dersom søknaden om eksport rører ved viktige forsvarsspørsmål eller materiellsamarbeid med andre land, skal kommentarar innhentast frå Forsvarsdepartementet. Nærings- og handelsdepartementet skal verta rådspurt dersom ein søknad om eksport rører ved viktige norske næringsinteresser.

Kontrollrutinar ved eksport

Utanriksdepartementet har som mål å betre og effektivisere kontrollen med eksporten av forsvarsmateriell og strategiske fleirbruksvarer. Til dette trengst eit nært samarbeid med Toll- og avgiftsdirektoratet (Tollvesenet) som er ansvarleg for den faktiske kontrollen med all eksport frå norsk tollområde. Tollvesenet kan kontrollere at det ligg føre gyldig lisens ved utførsle av lisenspliktige varer og at utførslen er i samsvar med opplysningane på lisensen. Tollvesenet tek sjølv initiativ til kontrollar på tollstadene. I tillegg kan Utanriksdepartementet be om kontroll i spesielle tilfelle. Med hjelp av representantar frå Utanriksdepartementet har Tollvesenet i 1999 ved fleire høve gjennomført stikkprøver.

Det er etablert ei kontaktgruppe der representantar frå Utanriksdepartementet, Tollvesenet, Politiets overvakingsteneste og FFI møtest for å drøfte faglege spørsmål og planleggje kontrollverksemda. Samarbeidet medfører ofte kontakt mellom dei ulike etatane i det daglege kontrollarbeidet. Revisorar frå Tollvesenet skal ved gjennomgang av rekneskapan for bedrifter også kontrollere dokument i tilknytning til konkret eksport bedriftene har gjennomført. I 1999 vart det ikkje registrert nevneverdige merknader i dei bedriftene som vart kontrollerte.

Som resultat av informasjonsutvekslinga i dei multilaterale eksportkontrollregima har Utanriksdepartementet etablert ein database over utanlandske importørar og brukarar som det knyter seg uvisse til i spreingssamanheng. Denne databasen er òg tilgjengeleg for Tollvesenet, slik at planlagd utførsle til desse mottakarane kan oppdagast og undersøkjast nærare. Databasen vert fortløpande oppdatert.

Eit effektivt eksportkontrollsystem krev nært samarbeid mellom Utanriksdepartementet og eksportørane. Årlege orienteringsmøte for eksportørane og møte med representantar for einskilde føretak skal sikre at kontakten er god og at naudsynt informasjon når fram begge vegar. Omfattande informasjon om eksportkontrollen er lagd ut på internett (ODIN).

4 Norsk forsvarsindustri og internasjonalt industrisamarbeid

Det norske forsvaret kjøper omlag 40 prosent av materiellet sitt frå norsk industri, resten vert importert. Regelverket for innkjøp av forsvarsmateriell frå utanlandske leverandørar føreset gjenkjøp dersom innkjøpet overstig 50 millionar kroner. Gjenkjøpskravet er eit viktig næringspolitisk verkemiddel ved at det er med på å skaffe norsk forsvarsindustri innpass i ein marknad som er dominert av nasjonale preferansar ved kjøp av materielle.

Forsvarsbudsjetta er reduserte i alle allierte og nærstående land dei siste åra, og som ein konsekvens av dette er marknadane for materielle vorte mindre. Samtidig har den teknologiske utviklinga gjort materiellet dyrare å utvikle, og nærare samarbeid om utvikling og produksjon av nytt materielle er vorte naudsynt. For å overleve må norsk forsvarsindustri delta i internasjonalt samarbeid og vere konkurransedyktig i marknaden både nasjonalt og internasjonalt.

Norsk forsvarsindustri er relativt nisjeprega, med høg kompetanse og avansert produksjonskapasitet innanfor avgrensa område, som til dømes kommunikasjons-, kontroll- og informasjonssystem, missilteknologi, krut og høg-eksplosivt sprengstoff. På slike område vert norske bedrifter rekna som interessante samarbeidspartnarar. Noreg deltek difor aktivt i internasjonalt samarbeid på forsvarsmateriellesektoren, i første rekkje innanfor NATO og med nordiske naboland.

I St.meld. nr. 45 (1998-99) om eksporten av forsvarsmaterielle i 1998 er det gjort greie for det nordiske ammunisjonssamarbeidet i selskapet Nammo som har produksjonsbedrifter i Finland, Noreg og Sverige. Gjennom flytting og konsentrasjon av produksjon skal verksemda gjerast meir konkurransedyktig. Samstundes kan produksjon av ein ammunisjonstype verta nedlagd i eitt eller fleire av dei nordiske landa. Forsvarsdepartementa i dei tre landa arbeider på den bakgrunn med spørsmålet om leveringssikring i tilfelle krise og krig. Det er òg nær kontakt mellom eksportkontroll-styresmaktene i dei tre landa for å klargjere vilkåra for utførsle.

5 Internasjonalt samarbeid på eksportkontrollområdet

Våpen av alle slag og anna forsvarsmateriell er omfatta av nasjonale varelistar, som kan ha ulik utforming. I det norske systemet er forsvarsmateriell spesifisert på kontroll-liste I. Fleirbruksvarer er spesifisert på kontroll-liste II.

Eksportkontrollen for fleirbruksvarer byggjer på eit internasjonalt samarbeid i fem eksportkontrollregimer og på dei plikter deltakarlanda gjennom dette har teke på seg. Dei fleste industriland, inkludert Noreg, er med i samarbeidet. Målet med samarbeidet er å hindre spreining av masseødeleggingsvåpen og hindre oppbygging av konvensjonell militær kapasitet som kan skilje stabiliteten i eit område. Dette arbeidet har høg politisk prioritet.

Nokre av dei multilaterale eksportkontrollregima baserer seg på traktatar som forbyr ulike typar våpen: For masseødeleggingsvåpen gjeld det Traktaten om ikkje-spreining av kjernevåpen (NPT), Kjemivåpenkonvensjonen (CWC) og Konvensjonen om forbod mot biologiske våpen (BWC). Det internasjonale eksportkontroll-samarbeidet er ikkje juridisk bindande, men politisk forpliktande. Ved medlemskap i eit eksportkontrollregime vert det lagt til grunn at deltakarane gjennomfører dei vedtak som vert fatta gjennom tilpassing av nasjonale lover og reglar.

Dei fem eksportkontrollregima er Australia-gruppa (AG) for produkt knytta til biologiske og kjemiske våpen, Regimet for eksportkontroll av missil-teknologi (MTCR), Nuclear Suppliers Group (NSG) og Zangger-komiteen for nukleært materiale, og Wassenaar-samarbeidet (WA) for konvensjonelle våpen og relaterte fleirbruksvarer. Fellestrekk for dei internasjonale eksportkontrollregima er krav til effektiv nasjonal eksportkontroll i medlemslanda, at vedtak i regima skal respekterast i nasjonal praksis, utarbeiding av lister over produkt som er underlagde eksportkontroll og ei omfattande informasjonsutveksling.

Det er mellom 30 og 38 medlemsland i dei ulike regima, og blant desse finn ein alle dei store industrilanda. Eit oversyn over deltakarlanda i dei ulike regima er vedlagt (vedlegg 3).

Noreg har gått inn for ei utviding av samarbeidet med sikte på opnare tilhøve rundt eksportkontroll og ikkje-spreining i dei ulike regima. I AG, MTCR og NSG har det vore teke initiativ til dialog om desse spørsmåla med ikkje-medlemer. Medlemslanda arrangerer internasjonale seminar for å medverke til auka forståing for kva eksportkontroll har å seie for å hindre spreining av masseødeleggingsvåpen. Noreg har vore aktiv på dette området også i 1999, og m.a. medverka økonomisk til at representantar frå ikkje-medlemsland får høve til å delta på internasjonale møte om eksportkontroll.

Wassenaar-samarbeidet

Wassenaar-samarbeidet (WA) har som føremål å samordne eksport av konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi (fleirbruksvarer). Samarbeidsforumet vart aktualisert etter oppløysinga av Sovjetunionen og nedlegging av

COCOM i 1994. Etter tre års forhandlingar byrja det verksemda si 1. november 1996. WA har 33 medlemsland. Som det einaste av regima har WA eit eige sekretariat i Wien.

Eit grunndokument, *Initial Elements*, fastset retningsliner for arbeidet i WA i ei innleiande fase. Grunndokumentet etablerer omfattande prosedyrar for informasjonsutveksling mellom deltakarlanda om eksportkontrollpraksis. Det er utarbeidd retningsliner og varelister for å sikre einsarta eksportkontroll for strategiske fleirbruksvarer. Målet er å hindre at det blir bygd opp destabiliserande militær slagkraft i noko område.

For konvensjonelle våpen har dei pliktige informasjonane om den faktiske eksporten til ikkje-medlemmer vore avgrensa til halvårsvis rapportering i same kategoriar som FN-registeret. Det har ført til at Wassenaar-samarbeidet ikkje gjev større kunnskap om våpenoverføringar enn den som alt ligg føre i FN-registeret, bortsett frå dei utfyllande opplysningane som kjem fram i frivillige rapporteringar.

I tillegg til rapportering om faktisk eksport og lisensavslag vert det utveksla opplysningar om konkrete land eller område som gjev grunn til uro. I 1999 var WA-medlemmene m.a. opptekne av utviklinga i Etiopia/Eritrea og i Sentral-Afrika. Det er semje om at ein ikkje skal eksportere våpen til desse områda. Leveransar til og omsetnad av handvåpen i desse områda, og dei konsekvensane slikt utstyr har i ei rekkje regionale konfliktrar, har vore tema i diskusjonane. Informasjonsutvekslinga om land og regionar vil verta ført vidare.

I 1999 vart det gjennomført ein grundig gjennomgang av verksemda i WA. Eit fleirtal av medlemmene meiner at manglande innsyn i og drøfting av eksporten av forsvarsmateriell er med å svekke verknaden av samarbeidet. Det vart difor framsett ei rekke forslag om å styrke rapporteringspliktene. Sjølv om det var stort fleirtal for forslaga i denne retning, vart det ikkje semje om meir vidtgåande rapportering på våpenområdet. Noreg fremja m.a. forslag om å klarlegge eigenproduksjonskapasiteten i konfliktområder og om oversyn over lovgjeving og praksis når det gjeld kontroll med våpenmeklarar. Det vart semje om desse forslaga. Eit framsteg i gjennomgangen var semje om at det skal etablerast eit rullerande oversynsdokument over konfliktområder på regional og global basis.

Som fylgje av at ein ikkje nådde fram med meir forpliktande rapporteringskrav i grunndokumentet, vart det uttrykt vilje frå dei fleste medlemslanda om å auka den frivillige rapporteringa om våpeneksporten, særleg når det gjeld opplysningar om avslag på eksportsøknadar. Slike frivillige rapportar vil òg omfatte handvåpen. Neste gjennomgang av Wassenaar-samarbeidet skal heldast i 2003.

Regimet for eksportkontroll av missilteknologi, MTCR

Missilkontrollregimet MTCR vart oppretta med utgangspunkt i G-7 landa i 1987. Noreg kom med i 1990. Det tek sikte på å hindre at land med ambisjonar om å skaffe seg masseøydeleggingsvåpen kan få tilgang på teknologi for missil-levering av slike våpen. Det er 32 medlemsland i regimet og formannskapet går på omgang. Sekretariatsfunksjonen vert ivareteken av det franske utanriksdepartementet som organiserar månadlege møter i Paris. Under plenums-møta har det i seinare år vorte erkjent at spreingsland, trass i eksportkontroll-

tiltak, har makta å skaffe seg langtrekkande missilar. Dette gjeld til dømes Nord-Korea, India og Pakistan. MTCR har likevel medverka til å hindra at den mest avanserte teknologien har vore tilgjengeleg og utsett mogeleg innføring av nye missil-leverte masseøydeleggingsvåpen.

Medlemmene i regimet søker no tiltak som kan komplettere og styrke eksportkontrollen og som kan medverke til å effektivisere ikkje-spreiingsarbeidet. Mellom desse tiltaka er dialog med ikkje-medlemmer som har missil-kapasitet for å fremje ansvarleg nasjonal eksportkontroll, framlegg om tillitsskapande tiltak for å hindre misforståingar knytt til missilutskytingar og politiske åtgjerder for å motverke regionale rustningstevlingar.

Eksportkontroll for kjernefysisk materiale

I år 2000 er det tretti år sidan Ikkje-spreiingsavtalen for kjernefysiske våpen, NPT, trådte i kraft. Denne avtalen vert sett på som det viktigaste avtaleverket på rustningskontrollområdet. Han vart i 1995 forlenga på ubestemt tid. I alt 187 land har slutta seg til, berre Cuba, India, Israel og Pakistan står utanfor. Etter avtalens artikkel III er alle ikkje-kjernevåpenland som er part i avtalen, pliktige til å lata sine sivile kjernefysiske installasjonar verta kontrollerte av IAEA. Dette inspeksjonsregimet er no i ferd med å verta styrkt gjennom tilleggssavtalar som sikrar IAEA innsyn i alle typar kjernefysiske anlegg og pålegg partane å rapportere om relevant utførsle.

NPT krev i art. III.2 at partane sikrar at ein ikkje eksporterer materiale som kan brukast i kjernevåpen. Dette er det formelle grunnlaget for det internasjonale samarbeidet om eksportkontroll for nukleært materiale. Zanggerkomiteen vart nedsett i 1971 for å sikre ei mest mogeleg lik forståing av dei generelle føresegnene om eksportkontroll i ikkje-spreiingsavtalen. Kina vart i 1997 medlem i Zanggerkomiteen, og det er von om at landet også vil søkje medlemskap i *Nuclear Suppliers Group* (eksportkontrollregime for kjernefysisk materiale og fleirbruksvarer). Då verksemda i Zanggerkomiteen synte seg ikkje å vere tilstrekkeleg til å hindre at land som India og Irak og Pakistan kunne skaffe seg kapasitet på eiga hand til å produsere kjernevåpen vart NSG oppretta i 1976. I NSG samordnar ein eksportkontrollen for alt materiale som kan tenkjast nytta til produksjon av kjernefysiske sprengmekanismer.

FN-registeret for konvensjonelle våpenoverføringar

Generalforsamlinga i FN vedtok i desember 1991 ein resolusjon som oppmoda medlemslanda om årleg å rapportere om sin eksport og import av tyngre konvensjonelle våpen til eit FN-register over slike våpenoverføringar. Frå 1992 har det med varierende oppslutnad vorte rapportert opplysningar til Registeret i sju våpenkategoriar: stridsvogner, pansra stridskøyretøy, tungt artilleri, jagarfly, angrepshelikopter, krigsskip og missilar/missilplattformer.

Noreg står for ein liten del av verdshandelen med tyngre våpen. Etter SIPRI's oversikter låg Noreg på 21 plass med omsyn til eksport av forsvarsmateriell i perioden 1993-97. I 1999 vart det ikkje eksportert noko materiell i FN-registerets kategoriar frå Noreg, medan det vart importert ein del pansra personellkøyretøy og missilar. Frå norsk side støttar ein dei initiativa som er tekne for å utvide FN-registeret til å omfatte fleire våpenkategoriar.

Internasjonale våpenembargoar

Vedtak i Tryggingsrådet i FN om heilt eller delvis å innføre handelssanksjonar mot eit land er bindande for medlemslanda. Pr. 31. desember 1999 er det utarbeidd norske forskrifter basert på sanksjonsvedtak i Tryggingsrådet om heil eller delvis handelsembargo for følgjande land: Afghanistan (Taliban), Angola (UNITA), Den føderale republikken Jugoslavia, Irak, Somalia, Liberia, og Sierra Leone.

I tillegg respekterer Noreg våpenembargoar som OSSE har sett i verk (Nagorno-Karabakh), og likeins dei EU-vedtak som Noreg har slutta seg til. Det gjeld: Bosnia og Herzegovina, Burma, Etiopia, Eritrea, Den føderale republikken Jugoslavia, Kroatia, Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia og regionen kring dei store sjøane i Sentral-Afrika. Tilslutninga til denne typen vedtak er av politisk karakter og norsk gjennomføring av vedtaka er basert på eksisterande lovgjeving.

6 Kontroll med handvåpen

Noreg fører ein svært restriktiv politikk ved eksport av handvåpen. Eksportkontroll og ulovleg internasjonal handel med handvåpen står på dagsordenen i fleire internasjonale fora, m.a. i FN, EU, OSSE, EAPC, OAU, OAS, ECOWAS og i Wassenaar-samarbeidet. Desse ulike organisasjonene driv mellom anna med kartlegging og forskning, informasjonsutveksling, utarbeider retningslinjer og adferdskodeksar, og med produktregistrering og merkesystem for våpen og ammunisjon.

Det er særst viktig å begrense dei illegale overføringane av handvåpen, som kan utgjere omlag halvparten av alle overføringar av slike våpen. Internasjonalt fins det inga sams oppfatning av korleis ein best kan hindre spreiding og ulovleg omsetnad av handvåpen, og det eksisterer få forpliktande internasjonale kontrollmekanismer for sal og overføringar av slike våpen.

Noreg har ytt økonomisk støtte til gjennomføring av moratoriet på produksjon, import og eksport av handvåpen i Vest-Afrika, som vart inngått av ECOWAS-landa 31. oktober 1998. Forbodet gjeld for tre år, og er det mest omfattande internasjonale tiltak til nå for å redusere talet på handvåpen. Frå norsk side har ein òg bidratt økonomisk til etableringa av eit sekretariat som skal overvake at moratoriet vert etterlevd. Noreg støttar arbeidet med tilsvarende regionale og subregionale ordningar andre stader (i Aust-Afrika, i Stabilitetspakta for Sentral- og Aust-Europa, og i OSSE/EAPC-området).

Det er dessutan viktig å sette i verk tiltak for innsamling og destruksjon av overskotssvåpen, særleg etter avslutning av væpna konflikter. Det vert arbeidd for at internasjonale fredsoperasjonar får mandat og ressursar til å ta del i slik demobilisering og innsamling av våpen.

Noreg har saman med USA oppretta ei tosidig arbeidsgruppe med destruksjon av handvåpen som ansvarsområde. Grappa har så langt tilbydd støtte til land innan OSSE/EAPC-området som ynskjer assistanse i kartlegging av dei einskilde landa sine destruksjonsbehov. I tillegg har Noreg bidratt til eit destruksjonsprosjekt i Sør-Afrika, og vore med å finansiere starten av ein destruksjonsfabrikk i Kosovo, i regi av NATO.

Problemet med handvåpen i konfliktområde er nært knytta til utviklings spørsmål. Utjamning av ulikskapar mellom ulike grupper og tiltak for konfliktforebygging kan vere sentrale element i ein breid strategi for å hindre at handvåpen vert brukt til grove overgrep i og etter konfliktsituasjonar. Det er viktig at det på eit tidlig tidspunkt vert sett i gang dialog og samarbeid med utsette land som står overfor ei valdeleg konflikt når det har vore store overføringar av våpen til området.

Noreg arrangerte 6.-7. desember 1999 eit internasjonalt møte som samla 19 land i Oslo (Oslo II). Hovedfokus for møtet var våpenmeklarane si verksemd og betra kontroll av denne verksemda. Møtet tok òg for seg den internasjonale dagsorden for handvåpen. Erklæringa frå Oslo-II møtet var det einaste dokument om handvåpen i 1999 som regjeringar frå land i alle regioner i verda har slutta seg til.

Norske frivillige organisasjonar og forskingsinstitutt har gått saman om ein handvåpenaksjon for å rette søkelyset på overføringar av handvåpen (Norwegian Initiative on Small Arms Transfers - NISAT). Norske styresmakter har løyvt pengar til dette initiativet. NISAT konsentrerer sin innsats om regionale tiltak og humanitære spørsmål, og har ei leiande rolle mellom dei frivillige organisasjonane internasjonalt i arbeidet med handvåpenspørsmål.

